

Årsmelding barne- og trimidrettsgruppa 2025/26

Barneidrett: Etter påske 2025 hadde ikkje barneidretten fast aktivitet. Veten har pause i barneidretten på våren, og det er begrensa med oppmøte når vi arrangerer åleine. I tillegg er fleire frå Hardbagg med på fotball i regi av Veten. Generelt er det utfordrande å arrangere noko fast idrettskule fordi det er få ungar i bygda. På hausten hadde dei som ynskjer det tilbod om å vere med på Veten sin idrettskule på tysdagar. Gjennom dei hadde vi også tilbod om to gonger med riding på Eid. I tillegg spleisa vi på bading på fredagar saman med Veten frå haustferien og fram til jul. Vi inviterte Veten til å vere med på nissemarsj med oss som avslutning før jul. Her møtte det opp mellom 40-50 personar til kjekk aktivitet på Ålandsleitet. Etter jul har vi arrangert skiskule på torsdagar når det har vore føre til det. Varierande oppmøte, men nokre gonger med ein god gjeng. Dei siste tre vekene før påske har vi hatt tilbod om å vere med på Veten-badinga.

Det er så få ungar i bygda no at barneidretten truleg bør forsøke å samarbeide meir med Veten om å få til eit tilbod. Det siste året har det vore eit slags samarbeid, men litt lite strukturert og fast.

Fjelltrim: Vi sette i gang fjelltrimmen allereie i starten av mai. Den var godt besøkt også i år, med 103 unike brukarar og over 2000 turar til saman. Det vart sett ny poengrekord i klassen gutar under 16 år. Tilbakemeldingar og tal registreringar syner at dette er ein populær og viktig aktivitet for folk i alle aldrar. Georeg fungerer fint, og det er færre som melder om problem og utfordringar.

Trening: Hildegunn har hatt fast dametrim i grendahuset på onsdagar i vinterhalvåret. Steinar har hatt basistrening kvar måndag. Begge deler er populære og viktige tilbod.

Terrengløp: Det vart arrangert terrengløp på Ålandsleite 19. oktober. Veldig kjekt arrangement, spesielt for dei yngste.

Anna: Vi har samarbeida med Veten om eit felles dokument for barneidretten i Veten og Hardbagg som handlar om retningslinjer for barn, vaksne og instruktørar. Dette vart informert om på foreldremøte på skulen 23.09.25. Vi har hatt eit fysisk møte i gruppa, hausten 2025, elles kommunisert på felles messengergruppe.

For gruppa: Vibeke Rand

For grupper: Vibeke Rand